



Tsjekkarane etter Englafjellturen i dag. 4 var framleis ikkje nede.

**Tsjekkarane er tøffingar i norske fjell og på våre kantar har dei lagt sin elsk på Englafjell som dei føredrar fordi det tek stuttare tid å koma opp og ned att enn hvis dei til dømes skulle satsa på Nåso.**

**I dag har reiseselskapet Kudrna i Brno hatt ei gruppe til topps på Englafjell slik dei hadde det også i 2007 og 2009. Kudrna har spsialisert seg på turar for litt tøffe og ikkje spesielt kravstore deltakarar og tar 5000 norske kroner for ferda gjennom norske fjell. Overnattingane skjer stort sett på campingplassar.**



[Tsjekkarane etter Englafjellturen i 2007](#)

I år er det 21 i gruppa og guidane Jaroslav Svoboda og Jaroslav Rotrekl la avgarde med sprekingar frå 20 til 60 år rundt klokka 12. Dei er stort sett frå heile republikken.





Tsjekkarane etter Englafjelltur i 2009

Det vart ein hard tøm gjennom mange regnskurar og over mykje sleip stein. Og ovanfor Såto var utsikten lik null, Så seint som klokka 21 i kveld var 2 par framleis ute i fjellet men under full kontroll av den eine Jaroslaven. Eit tredje par som då var velberga i mål var dei nygifte Jan Reder og Andrea Rezlevova frå Milovice like utanfor Praha som gjennomfører ein brudeferd gjennom Noregs sentrale fjellområder.

Men også dei innrømte at det hadde vore ein tøff dag.

Grappa hadde overnatta i Odda etter to slitsomme netter på bussen og skal nå attende til Odda for ny overnatting.

Tsjekkarane vurderte det å komma opp på Englafjell som ei krevande oppgåve.

Deira høgaste fjell etter skilsmissa med Slovakia er 1600 meter.

Dei gledde seg til å sjå fjord-panoramaet men det forsvann diverre i skodda.

No håpar dei på betre ver over Hardangervidda og i Jotunheimen og Rondane, Heile Noregsturen varer i 2 veker.

Men kvifor akkurat Englafjell? Nærleiken til ei hovudtrafikkåre har tydelegvis spela ei rolle. Og fjellet har faktisk fått ein plass i ei tjukk guidebok på tsjekkisk der rutene både til Englafjell og Nåso har fått brei omtale.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Jan og Andrea etter brudeferden i Englafjell